

SAK 8/21

Medlemskontingent for 2021

Norges Idrettsforbund sine krav til registrering av medlemmer i idrettslag og innkreving av medlemspengar har vorte krevjande, både å skjønna og å tilpassa seg. Kasserar Kristian laut difor bruka uforholdsmessig mykje tid på dette i fjor haust.

Men mot slutten av året såg det ut til at systemet fungerte, slik at dei fleste medlemmene våre fekk betalt kontingenten for 2020 gjennom det nye innkrevjingssystemet.

For dei komande åra skal registrerte medlemmer betala årskontingent etter at dei har mottatt e-post med faktura. Straks etter betaling skal innbetalinga bli registrert i det sentrale registeret. Men pengane får laget overført til vår konto etter at fleire innbetalningar er samla opp.

Litt meir utfordrande blir det for **nye medlemmer** som ønskjer å bli med oss. Dei må først registrera seg på Idrettsforbundet si side på nettet under «Min Idrett». For å gjera denne porten lettare tilgjengeleg skal det lata seg gjera å ha ein knapp/lenke til portalen på Sveio O-lag si heimeside.

Ei anna utfordring med det nye medlemsregisteret har i starten vore at det ikkje taklar innbetaling av **familiekontingent**. Men nå skal ei løysing på dette problemet vera under arbeid.

Likevel er minstekravet til storleik på medlemskontingent at kvart medlem i familien betalar **minst kr 50 per år**.

Vår kontingent har dei siste åra vore slik:

Vaksne: 150 ,-

Barn: 100,-

Familie: 300 ,-

Det vil i praksis seia at kontingenten kan dekkja årskontingent for i alt 6 personar. Større familiar må dermed betala kr. 50 i tillegg per person utover familien på 6.

I følge kasserar har me i dag ingen familiar i medlemsregisteret som har fleire medlemmer enn 6.

Forslag til årsmøtevedtak:

Styret innstiller på at årskontingenten skal stå uendra. Men årsmøtet vedtar eit tillegg om at kvar familie må betala minimum kr. 50 per hushaldsmedlem.